

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8.

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Sande.

Emne: Beit og Brom

Bygdelag: Voksa

Oppskr. av: Torvald Baade

Gard: Voksa

(adresse): Voksa

G.nr. 63 Br.nr. 2.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Det vert sjeldan nytta. Grunnen er kanskje at distriktet er mest skoglaust og at det fell lettare å få i tang og tare og fiskerusk. Helst er det vel lyng som vert brukt og finaste kvistene av dette kallar dei brom.
2. Eg har ikkje høyrte noko sermann på dette arbeidet, kanskje avdi det går så sjeldan på.
3. Tidleg om våren i "lodaløysa", eller kanskje det er like rett å seie at dei henta det etter kvart dei trong det.
4. Til vanlegt riv ein lynget med henderne, men det vert og bruka sigd av vanleg type.
5. Både ku og sau fekk av dette foret, ilag med anna som ein ruskar saman. Tang og tare og fiskerusk.
6. Ingen serskild skikk i so måte.
7. Nei, skikken er ukjend her.

Faint, illegible text at the top of the page, possibly a header or title.

Main body of faint, illegible text, possibly a list or a series of entries.